

Balestrand Sommarfestival for korps

31. juli - 2. august 2020

Gode korpsvenner!

Corona-viruset har sett ein stoppar for NMF sine sommarkurs, også Grått kurs i Ørsta. Nokre av oss her i Sogn, tykkjer det er synd. Vi inviterer difor både «gråe kursdeltakarar» og andre til ei korps helg i Sogn i sommar. Vi har vald å leggje samlinga til hotell for å lette det arrangementstekniske inkl. smittevern. Valet falt på ærverdige [Kviknes Hotel](#) i Balestrand mellom anna fordi det har vore arrangert Vinterfestival for korps i fleire år, og vi veit at lokalitetane høver.

Vi er så heldige at vi har fått mangeårig leirsjef **Bjørn Frode Hansen** og musikalsk leiar **Phillip Hannevik** frå Ørsta, med på laget. Vi tek en kort presentasjon for dei som ikkje kjenner dei:

Bjørn Frode er busett i Trondheim, slagverkar i Byåsen Musikkorps og nestleiar i NMF Trøndelag. Han er dessutan ein meister i å holde oversikt og styr på entusiastiske korpsmusikarar på tur.

Phillip er busett i Oslo og ein av dei mest anerkjende korpsdirigentane i Noreg. I tillegg til å dirigere ulike korps og orkestre innan- og utanlands, komponerer og arrangerer han også musikk for ulike besetningar.

Opplegget vil bli mykje likt Ørsta-kursa, men vert ein dag kortare (fredag-søndag):

- Ankomst i løpet av fredag 31. juli med første speleøkt kl. 16.
- Avslutning søndag 2. august med ein uformell konsert for den som finn vegen, men mest for vår eigen del.
- Derimellom fyller vi tida med mykje speling og sosialt samvær, alt innanfor corona-reglar for samvær.

Praktisk informasjon:

- 1) Du må vere fylt 20 år for å delta på denne samlinga.
- 2) Deltakaravgifta vil bli maks. kr. 3300 og inkluderer pausemat og lunsj laurdag/søndag. Avhengig av deltakartal kan deltakaravgifta bli redusert. Dette er eit «non-profit»-tiltak.
- 3) Overnatting og middag fredag/laurdag ordnar kvar enkelt sjølv.
Frå Kviknes Hotel har vi fått dette tilbodet:
 - a) Overnatting pr. døgn inkl. frukost: Enkeltrom kr. 950, dobbeltrom kr. 1400 og trippelsengsrom kr. 1650.
 - b) Middagen kostar kr. 315.
 - c) E-postadresse for bestillingar av overnatting eller middag: booking@kviknes.no
Merk bestillinga med «Sommarfestival for korps».
- 4) Du kan også nytte andre overnattings- og spisestader i Balestrand, sjå t.d. <https://www.visitbalestrand.com/>.

Påmelding:

For at samlinga skal kunne gjennomførast, må vi ha eit minimum tal deltakarar. Påmeldinga skjer difor slik:

- **Innan 5. juni:** Send påmelding [via denne lenka](#) (påmeldingsskjema via Google Skjema).
- **Innan 7. juni** sender vi tilbakemelding om mange nok har meldt seg på slik at samlinga vert gjennomført. Då følger det også med informasjon om innbetaling av deltakaravgifta.
- Påmeldinga er deretter open til vi har nådd maks. deltakartal i høve smittevernreglane, pr. i dag 50.

Helsing på vegne av arrangørkomitéen,

Oddgeir Øren (initiativtakar)